

Prop. 82 L

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i folketrygdlova (arbeidsavklaringspengar – bistand til å skaffe seg eller behalde arbeid)

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet 18. mars 2016,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhald

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår i denne proposisjonen å endre folketrygdlova § 11-6. Etter denne føresegna er det eit vilkår for rett til arbeidsavklaringspengar at medlemmen får aktiv behandling eller deltek på eit arbeidsretta tiltak. Departementet foreslår å reversere deler av den lovendringa som tok til å gjelde frå 1. januar 2013, jf. lov 19. oktober 2012 nr. 68. Forslaget inneber å endre ordlyden «får aktiv» behandling til «har behov for» aktiv behandling og ordlyden «deltar på» eit arbeidsretta tiltak til «har behov for» arbeidsretta tiltak. Trygderetten vil dermed igjen få høve til å overprøve alle vurderingane som Arbeids- og velferdsetaten gjer etter folketrygdlova kapittel 11, også med heimel i folketrygdlova § 11-6, slik lovgjevar la til grunn då ordninga blei innført. Forslaget følgjer også opp fråsegna frå Sivilombodsmannen i sak nr. 2014/1275 av 19. desember 2014.

2 Bakgrunn. Gjeldande rett

1. mars 2010 blei dei tre ytingane rehabiliteringspengar, attføringspengar og tidsavgrensa uførestønad erstatta av arbeidsavklaringspengar. Det

var opphavelig eit vilkår om «behov for» aktiv behandling eller «behov for» arbeidsretta tiltak for rett til arbeidsavklaringspengar etter folketrygdlova § 11-6. Behovet for tiltak var eit rettsleg kriterium for rett til arbeidsavklaringspengar sidan det var behovet som var avgjerande, og ikkje om det faktisk var tildelt eit tiltak. Dette betydde at Trygderetten kunne ta stilling til og overprøve om det var «behov for» bistand i form av behandling eller arbeidsretta tiltak. Dei vurderingane som blei gjort ved innføringa av ordninga går fram av Ot.prp. nr. 4 (2008–2009), punkt 4.4.4.4, samt høyringsnotatet side 7 flg. og 45¹.

Folketrygdlova § 11-6 hadde følgjande ordlyd da ordninga blei innført:

«§ 11-6. Behov for bistand til å skaffe seg eller beholde arbeid

Det er et vilkår for rett til ytelser etter dette kapitlet at medlemmet

- a) har behov for aktiv behandling, eller
- b) har behov for arbeidsrettet tiltak, eller
- c) etter å ha prøvd tiltak etter bokstavene a eller b fortsatt anses å ha en viss mulighet for å komme i arbeid, og får oppfølging fra Arbeids-

¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horingsnotat-med-forslag-om-a-erstatte-r/id493754/>

og velferdsetaten for å bli i stand til å skaffe seg eller beholde arbeid som han eller hun kan utføre.»

Lova blei endra frå 1. januar 2013, jf. lov 19. oktober 2012 nr. 68, Innst. 396 L (2011–2012) og Prop. 118 L (2011–2012). Som det går fram av lovforslaget, hadde Arbeids- og velferdsdirektoratet gjort departementet merksam på at det var dårleg samanheng mellom folketrygdlova § 11-6 og § 11-8 (aktivitet med sikte på å komme i arbeid). Ordlyden i § 11-6 ga ein uklar heimel for å kunne avslå ytinga før brukaren gjentekne gongar hadde brote kravet til aktivitet i folketrygdlova § 11-8. Føremålet med lovendringa var derfor å klargjere samanhengen slik at regelverket blei meir i tråd med praksis, og å gjere vurderingane enklare for sakshandsamaren.

Gjeldande folketrygdlov § 11-6 lyder slik:

«§ 11-6. Bistand til å skaffe seg eller beholde arbeid

«Det er et vilkår for rett til ytelser etter dette kapitlet at medlemmet for å skaffe seg eller beholde arbeid som han eller hun kan utføre

- a) får aktiv behandling, eller
- b) deltar på et arbeidsrettet tiltak, eller
- c) etter å ha prøvd tiltak etter bokstavene a eller b fortsatt anses å ha en viss mulighet for å komme i arbeid, og får oppfølging fra Arbeids- og velferdsetaten.»

Folketrygdlova § 11-6 set opp tre alternative vilkår. Det finst likevel andre føresegner som kan gi rett til arbeidsavklaringspengar sjølv om medlemmen ikkje fyller vilkåra i § 11-6.

Lovendringa var meint å vere ei klargjering av gjeldande rett. Retten til å få prøvd saka for Trygderetten blei difor ikkje kommentert i lovforslaget. Det går fram av Innst. 396 L (2011–2012) at Arbeids- og sosialkomiteen la til grunn at endringa ikkje skulle føre til innskrenkingar i retten til ytinga eller endre praksis. Eit mindretal preserte at ein ikkje skulle miste retten til arbeidsavklaringspengar i dei tilfella Arbeids- og velferdsetaten ikkje hadde klart å sikre brukaren eit tilfredsstillande tiltak.

Den 19. desember 2014 uttalte Sivilombodsmannen i sak nr. 2014/1275 at lovendringa hadde ført til ei avgrensing i Trygderettens kompetanse. Ombodsmannen samanlikna Trygderettens avgjerder før og etter endringa. Det viste seg at Trygderetten i fleire saker vurderte at rettens kompetanse til å overprøve Arbeids- og velferdse-

tatens avslag på arbeidsavklaringspengar var blitt innskrenka etter lovendringa. Sivilombodsmannen fann også støtte i lovas ordlyd og Arbeids- og velferdsetaten sine egne rundskriv for at det faktisk skjedde ei innskrenkande tolking etter lovendringa.

Trygderetten har kompetanse til å overprøve vedtak om individuelle rettar og plikter etter folketrygdlova, men ikkje etter arbeidsmarknadslova. Arbeidsretta tiltak blir tildelte etter arbeidsmarknadslova. Trygderetten kan difor ikkje overprøve avgjerder om tildeling av tiltaksplassar. I dei tilfella brukaren ikkje var tildelt eit tiltak, førte lovendringa til at den ankande parten reelt sett ikkje fekk prøvd saka si i Trygderetten. Trygderetten stadfesta vedtak om avslag på krav om arbeidsavklaringspengar dersom etaten ikkje hadde tildelt brukaren eit tiltak. Retten tok ikkje stilling til om dei andre vilkåra var oppfylt, for eksempel om arbeidsevna var nedsett. Sivilombodsmannen konstaterte at denne praktiseringa fekk konsekvensar for rettstryggleiken til den ankande parten.

På oppdrag frå Arbeids- og sosialdepartementet har Oxford Research og Proba samfunnsanalyse levert rapporten «Klage- og påvirkningsmuligheter for søkere og mottakere av AAP» i 2015². Rapporten viser til at lovendringa i 2013 førte til at Trygderettens kompetanse blei avgrensa, og at det dermed kan «argumenteres med at medlemmenes formelle rettsikkerhet er svekket.»

3 Høyring

Arbeids- og sosialdepartementet sende forslag om endring i folketrygdlova § 11-6 på høyring den 24. juli 2015. Høyringsfristen var 30. oktober 2015. Høyringa blei lagt ut på nettsidene til departementet slik at ho var allmenn tilgjengeleg.

Departementet foreslo å reversere deler av endringa av folketrygdlova § 11-6 som tok til å gjelde 1. januar 2013, ved å føre tilbake ordlyden «behov for» behandling i bokstav a og å føre tilbake «behov for» arbeidsretta tiltak i bokstav b.

Departementet foreslo i tillegg å ta inn eit krav om at medlemmen må vere i stand til å gjennomføre og nyttiggjere seg det arbeidsretta tiltaket. Føremålet var å gi etaten ein klar lovheimel for å avslå arbeidsavklaringspengar når brukaren gjentekne gongar hadde brote aktivitetskravet.

² <http://www.proba.no/rapporter/klage-og-pavirkningsmuligheter-aap/> <http://www.oxfordresearch.no/publikasjoner/rettssikkerheten-fungerer-ikke-optimalt.aspx>

Høyringsnotatet blei sendt til:

Departementa og Statsministerens kontor
Kommunane
Universitetet i Bergen
Universitetet i Oslo
Universitetet i Tromsø

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Datatilsynet
Fylkesmannsembeta
Kommunal landspensjonskasse (KLP)
Såmediggi – Sametinget
Sivilombodsmannen
Statens Helsetilsyn
Statens pensjonskasse (SPK)
Trygderetten

Advokatforeningen
Akademikerne
Arbeidsgiverforeningen Spekter
Arbeidsgiverforeningen for Vekst og attførings-
bedrifter (ASVL)
Attføringsbedriftene
Den norske dommerforening
Finans Norge
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Juss-Buss i Oslo
Jussformidlingen i Bergen
Jushjelpa i Midt-Norge
Jusshjelpa i Nord-Norge
Juridisk rådgivning for kvinner (JURK)
Kirkens bymisjon
Kreftforeningen
Kommunesektorens organisasjon (KS)
Landsorganisasjonen i Norge (LO)
Landsrådet for arbeid til yrkeshemmede (LAFY)
Norges Handikapforbund
Norsk attføringsforum
Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
Rehabiliteringssenteret AiR
Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes
organisasjoner (SAFO)
Senter for seniorpolitikk
Uføres Landsorganisasjon
Unge funksjonshemmede
UNIO
Velferdsalliansen
Virke
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS)

Følgjande instansar har meldt frå at dei ikkje har
merknader:
Forsvarsdepartementet (FD)
Justis- og beredskapsdepartementet (JD)

Klima- og miljødepartementet (KLD)
Kunnskapsdepartementet (KD)
Landbruks- og matdepartementet (LMD)
Samferdselsdepartementet (SD)
Utanriksdepartementet (UD)

Krødsherad kommune

Akademikerne
Juridisk rådgivning for kvinner (JURK)
Statens pensjonskasse (SPK)

Følgjande instansar har gitt merknader:
Helse- og omsorgsdepartementet

Arbeids- og velferdsdirektoratet

Sivilombudsmannen

Advokatforeningen
Gatejuristen i Tromsø
Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO)
Jussformidlingen i Bergen
Jushjelpa i Midt-Norge
Landsorganisasjonen i Norge
Nasjonal kompetansetjeneste for sjeldne
diagnoser
NAV Skien/ Skien kommune
Norsk attføringsforum (NOA)
Parat NAV
Rettspolitisk forening
Velferdsalliansen

Det nærare innhaldet i høyringssvara er behandla
under dei enkelte punkta i proposisjonen.

4 Behov for behandling eller behov for arbeidsretta tiltak

4.1 Høyringsnotatet

Departementet foreslo å reversere endringa av folketrygdlova § 11-6 som tok til å gjelde 1. januar 2013, ved å føre tilbake ordlyden «behov for» behandling i bokstav a og å føre tilbake «behov for» arbeidsretta tiltak i bokstav b. Lovendringa i 2013 var meint å vere ei klargjering av gjeldande rett. Sivilombodsmannen uttalte i sak nr. 2014/1275 at lovendringa faktisk hadde ført til ei avgrensing i Trygderettens kompetanse. Hovudføremålet med høyringsforslaget var å sikre rettstryggleiken til dei som har fått avslag på søknad om arbeidsavklaringspenger.

4.2 Høyringsinstansane

Sivilombodsmannen er glad for at departementet følgjer opp fråsegna og støtter forslaget. Som departementet legg ombodsmannen til grunn at ei lovendring i tråd med endringsforslaget vil gi Trygderetten kompetanse til å overprøve alle vurderingane som Arbeids- og velferdsetaten gjer etter folketrygdlova § 11-6, slik lovgjevar la til grunn ved innføringa av AAP-ordninga. Forslaget blir i all hovudsak støtta av *Advokatforeningen*, *Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO)*, *Norsk Attføringsforum*, *Jushjelpa i Midt-Norge*, *Velferdsalliansen (EAPN)*, *Jussformidlingen i Bergen*, *Rettspolitisk forening*, *NAV Skien/Skien kommune*, *Helse- og omsorgsdepartementet*, *Landsorganisasjonen i Norge*, *Nasjonal kompetansetjeneste for sjeldne diagnoser* og *Gatejuristen i Tromsø*.

Instansane trekkjer fram at det er eit behov for å synleggjere Trygderettens kompetanse til å overprøve Arbeids- og velferdsetatens vurderingar. Omsynet til rettstryggleiken og tillit til forvaltninga gjer seg særleg gjeldande på dette området. Det er viktig at eit uavhengig ankeorgan som Trygderetten har ein reell kompetanse til å overprøve dei påanka vedtaka. *Norsk attføringsforum* uttaler at lovendringa i 2013 har fått uheldige konsekvensar for deltakarane i tiltaksbedrifter.

Arbeids- og velferdsdirektoratet uttaler at forslaget vil gjere oppfølgingsarbeidet i etaten utfordrande og krevjande når det gjeld å stanse eller å avslå krav om arbeidsavklaringspengar. Direktoratet vurderer at det er særleg problematisk å stanse ytinga til rusmisbrukarar som av ulike årsaker ikkje klarer å gjennomføre planlagt aktivitet. Det må vere eit mål å unngå ein situasjon der ein har «gjengangarar» som klart har «behov for» tiltak, men som faktisk ikkje gjennomfører tiltaket, eller som stadig fell ut av behandlingssopplegget.

Direktoratet er usikker på om folketrygdlova § 11-8 og § 11-9 gir tilstrekkeleg heimel for å stanse arbeidsavklaringspengar i slike tilfelle. Dersom det berre er eit krav om at ein har behov for behandling, er det vanskelegare å stanse eller avslå ytinga der brukaren ikkje ønskjer behandling eller ikkje møter opp av andre grunnar. Ordlyden «behov for» vil også omfatte for eksempel analfabetar og personar som på grunn av språkutfordringar ikkje er i stand til å nyttiggjere seg samtalerterapi eller annan psykiatrisk behandling. Denne gruppa vil ha behov for behandling, men vil ikkje kunne nyttiggjere seg av behandlinga.

Parat NAV peiker på at endringa kan føre til at brukarane bruker opp retten til arbeidsavklarings-

pengar i ventetida på behandling. Den same merknaden har *NAV Skien/Skien kommune*.

4.3 Departementets vurderingar og forslag

Lovendringa i 2013 førte til ei innskrenking i Trygderettens kompetanse som ikkje var tilsikta, og som er i strid med det Stortinget la til grunn då AAP-ordninga blei innført. Departementet viser til at eit fleirtal av høyringsinstansane støtter forslaget om å reversere ordlyden i folketrygdlova § 11-6 til slik han var ved innføringa av arbeidsavklaringspengar i 2010.

Arbeids- og velferdsdirektoratet er usikker på om folketrygdlova §§ 11-8 og 11-9 gir tilstrekkeleg heimel for å stanse eller avslå ytinga i forbindelse med oppfølging. Departementet viser til at det er ei rekkje andre vilkår for rett til arbeidsavklaringspengar. Etter folketrygdlova § 11-8 må medlemmen bidra aktivt i prosessen med å komme i arbeid. Medlemmen skal medverke når den konkrete planen for korleis han eller ho skal komme i arbeid (aktivitetsplan) blir utarbeida. Det går klart fram av folketrygdlova § 11-9 at arbeidsavklaringspengane fell bort ved frávær frå den fastsette aktiviteten inntil vilkåra for å motta ytinga igjen er oppfylte. Frávær på inntil éin dag per meldeperiode (éin dag i ein periode på fjorten dagar) og frávær på grunn av sterke velferdsgrunnar fører likevel ikkje til reduksjon i utbetalinga. Frávær grunna eigen sjukdom eller skade skal heller ikkje føre til reduksjon av ytinga. Når medlemmen har frávær som fører til at det fastsette arbeidsretta tiltaket eller den fastsette behandlinga blir vanskelegare å gjennomføre eller ikkje kan bli gjennomført på ein tilfredsstillande måte, skal Arbeids- og velferdsetaten vurdere om medlemmen framleis fyller vilkåra for rett til arbeidsavklaringspengar. Dette går fram av forskrift 10. februar 2010 nr. 152 om arbeidsavklaringspengar § 5. Dersom brukaren ikkje har behov for bistand for å skaffe seg eller behalde arbeid som han eller ho kan utføre, kan folketrygdlova § 11-6 nyttast som heimel for å avslå eller stanse ytinga.

Departementet har tidlegare varsla Stortinget at ordninga med arbeidsavklaringspengar vil bli gjennomgått. Departementet vil i denne gjennomgangen foreta ei grundig vurdering av heimlane for å avslå eller stanse arbeidsavklaringspengar.

Arbeidsavklaringspengar kan ytast så lenge det er naudsynt for at medlemmen skal kunne gjennomføre den fastsette aktiviteten med sikte på å komme i arbeid, men likevel ikkje lenger enn fire år. *Parat NAV* og *NAV Skien / Skien kommune* peiker på at forslaget kan føre til at ein person risi-

kerer å bruke opp deler av perioden på arbeidsavklaringspengar i ventetida på behandling. Departementet viser til at ventetida på behandling og tiltak allereie inngår i den maksimale stønadspanoden, jf. forskrift 10. februar 2010 nr. 152 om arbeidsavklaringspengar § 2. Forslaget her vil ikkje endre på det. Det er normalt at det kan oppstå ei eller fleire ventetider i perioden på arbeidsavklaringspengar. Fireårsperioden kan forlengast dersom medlemmen på grunn av sjukdom, skade eller lyte har behov for særleg langvarig utgreiing, oppfølging, behandling, rehabilitering eller arbeidsretta tiltak, og medlemmen etter ei ny vurdering av arbeidsevna framleis har ei viss moglegheit for å komme i arbeid. Denne føreseigna vil kunne sikre dei som opplever store utsettingar i avklaringa.

Fordi lovendringa frå 2013 fekk ein utilsikta konsekvens for Trygderettens kompetanse, er det etter departementets syn naudsynt å reversere denne delen av lovendringa. Lovforslaget her sikrar at Trygderetten får den kompetansen som Stortinget la til grunn då ordninga med arbeidsavklaringspengar blei innført. Endringa inneber at det er naudsynt at etaten si vurdering av om brukaren har behov for aktiv behandling og har behov for arbeidsretta tiltak blir tatt inn i vedtaket om arbeidsavklaringspengar, slik at alle sider av saka kan overprøvast av Trygderetten.

Departementet understrekar at Trygderettens kompetanse berre vil gjelde *behovet* for tiltak og ikkje kva for eit tiltak brukaren skal få. Arbeidsretta tiltak bør vere naudsynte og føremålstenlege for at brukaren skal kunne skaffe seg eller behalde inntektsgjevande arbeid. Val, utforming og varigheit av tiltaket skal skje i samråd med brukaren, jf. forskrift 11. desember 2015 nr. 1598 om arbeidsmarknadstiltak (tiltaksforskrifta) § 1-3 første ledd. Trygderetten har kompetanse til å prøve vedtak om individuelle rettar og plikter etter folketrygdlova, men har ikkje kompetanse til å prøve vurdering av tiltak etter tiltaksforskrifta. Slik har det vore sidan ordninga med arbeidsavklaringspengar blei innført. Føresegnene om kva tiltak som skal setjast i verk og kor omfattande desse skal vere, blei frå 1. mars 2010 tatt ut av folketrygdlova og var dermed ikkje lengre ein del av verkeområdet til Trygderetten. Endringa frå 2010 inneber for eksempel at Trygderetten ikkje kan overprøve avslag på utdanning som eit tiltak for ein mottakar av arbeidsavklaringspengar; denne vurderinga ligg og skal framleis liggje til NAV-kontoret.

Gjennom lovendringa i 2013 blei det vidare presisert i § 11-6 første ledd at bistanden skulle ha

som mål å gjere brukaren i stand til å skaffe seg eller behalde arbeid som han eller ho kan utføre. Det var ei tilsvarende formulering i bokstav c, som samstundes blei tatt ut. Føremålet med arbeidsavklaringspengar, sjå folketrygdlova § 11-1, er å sikre inntekt for medlemmar medan dei får aktiv behandling, deltek på eit arbeidsretta tiltak eller får anna oppfølging med sikte på skaffe seg eller behalde arbeid. Presiseringa i § 11-6 første ledd har ikkje ført til endring i praksis eller i kompetansen til Trygderetten. Etter departementets vurdering er det dermed ikkje grunn til å reversere heile lovendringa, men berre endringane i bokstav a og b.

Departementet viser til lovforslaget, folketrygdlova § 11-6.

5 Å vere i stand til å gjennomføre og nyttiggjere seg av tiltaket

5.1 Høyringsnotatet

Departementet foreslo i høyringa å ta inn eit krav om at medlemmen må vere «i stand til å gjennomføre og nyttiggjere seg» av tiltaket i folketrygdlova § 11-6 bokstav b. Føremålet var å gi etaten ein lovheimel for å avslå arbeidsavklaringspengar dersom brukaren ikkje er i stand til å gjennomføre og nyttiggjere seg av tiltaket.

5.2 Høyringsinstansane

Det var fleire av instansane som ikkje kommenterte dette forslaget særskilt, mellom anna *Sivilombodsmannen*. *Advokatforeningen* og *Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO)* støtter forslaget. *Arbeids- og velferdsdirektoratet* uttaler at tillegg til bokstav b i ein viss grad ivertek omsyna med lovendringa i 2013 når det gjeld arbeidsretta tiltak. Direktoratet ser likevel utfordringar med forslaget som kan gjere oppfølgingsarbeidet i etaten krevjande.

Rettspolitisk forening meiner at endringa vil kunne hindre einskilte marginaliserte grupper frå å kunne motta arbeidsavklaringspengar. Foreninga kan ikkje støtte forslaget før dei har fått ei presisering og eksemplifisering av kor grensa går for når ein er i stand til å gjennomføre og nyttiggjere seg av eit tiltak. *Landsorganisasjonen i Norge* skriv at det kan vere problematisk for Arbeids- og velferdsetaten å identifisere kven og kva for type sjukdommar og plager som gjer at den einskilte ikkje vil kunne nyttiggjere seg eit arbeidsretta tiltak. *Gatejuristen i Tromsø* og *Jussformidlingen i*

Bergen er kritiske til forslaget. *Gatejuristen i Tromsø* trekkjer fram at forslaget må sest i samanheng med kravet om å ha gjennomført eller forsøkt å gjennomføre arbeidsretta tiltak for rett til uføretrygd.

Helse- og omsorgsdepartementet og *Nasjonal kompetansetjeneste for sjeldne diagnoser* meinte at eit slikt tillegg kunne vere fornuftig, men at det i så fall måtte gå klart fram av lovforarbeida at dette ikkje kunne nyttast som ein heimel til å avslå krav om arbeidsavklaringspengar for marginaliserte grupper.

NAV Skien/Skien kommune skriv at forslaget gir utfordringar knytt til tolking av om eit slikt vilkår vil gjelde den eksisterande «tiltaksmenyen» hos det einskilde NAV-kontoret eller om det betyr arbeidsretta tiltak generelt.

På bakgrunn av innspela til høyringsinstansane, vel departementet på noverande tidspunkt å ikkje fremme eit lovforslag som foreslått i høyringsnotatet.

6 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at lova trer i kraft frå den tida Kongen fastset. Ein foreslår at endringa skal gjelde for alle saker der kravet blir sett fram etter at lovendringa tok til å gjelde.

Lovendringa vil ikkje endre på vilkåra for rett til arbeidsavklaringspengar og vil dermed ikkje ha økonomiske konsekvensar.

Departementet legg til grunn at lovendringa ikkje vil auke dei administrative kostandene for Arbeids- og velferdsetaten. Lovendringa reverserer den utilsikta innskrenkinga i Trygderettens kompetanse, og vil såleis føre til eit visst meirarbeid for Trygderetten ved handsaming av ein del

ankesaker om arbeidsavklaringspengar. Forslaget fører likevel ikkje til større administrative kostnader for Trygderetten enn det som blei lagt til grunn då ordninga med arbeidsavklaringspengar blei innført.

7 Merknader til endringa i folketrygdlova

Til endringa i folketrygdlova § 11-6

Departementet foreslår å endre § 11-6 bokstav a og b tilbake til slik dei lydde fram til 1. januar 2013. Det vil ikkje lengre vere eit vilkår etter denne føresegna at medlemmen får behandling eller deltek på eit arbeidsretta tiltak, men at medlemmen har behov for anten aktiv behandling eller arbeidsretta tiltak. Medlemmen vil framleis ha rett til arbeidsavklaringspengar etter denne føresegna dersom han eller ho etter å ha prøvd behandling eller tiltak framleis har ei viss moglegheit for å komme i arbeid og får oppfølging frå Arbeids- og velferdsetaten. Departementet viser til at det er ei rekkje andre vilkår for rett til arbeidsavklaringspengar, mellom anna at medlemmen må bidra aktivt i prosessen med å komme i arbeid og at han eller ho må følge aktivitetsplanen.

Arbeids- og sosialdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i folketrygdlova (arbeidsavklaringspengar – bistand til å skaffe seg eller behalde arbeid).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i folketrygdlova (arbeidsavklaringspengar – bistand til å skaffe seg eller behalde arbeid) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i folketrygdlova (arbeidsavklaringspenger – bistand til å skaffe seg eller behalde arbeid)

I

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd skal § 11-6 lyde:

§ 11-6 *Behov for bistand* til å skaffe seg eller beholde arbeid

Det er et vilkår for rett til ytelser etter dette kapitlet at medlemmet for å skaffe seg eller beholde arbeid som han eller hun kan utføre

- a) *har behov for* aktiv behandling,
- b) *har behov for* arbeidsrettet tiltak, eller
- c) etter å ha prøvd tiltak etter bokstavene a eller b fortsatt anses å ha en viss mulighet for å komme i arbeid, og får oppfølging fra Arbeids- og velferdsetaten.

II

Lova tek til å gjelde frå den tida Kongen fastset. Endringa skal gjelde for alle saker der kravet blir sett fram etter at lovendringa tok til å gjelde.
